Vikøy Sokneråd

Postboks 39

5600

# Referat frå møte i Vikøy sokneråd 29.sept 2026 kl.19.00

Frammøtte: Astrid, Tove, Solfrid, Helene, Erling, Vetle og Gudrun.

Magne, Randi og Brynhild hadde meldt forfall.

Opning: Gudrun

Kaffi og noko å bita i: Helene

**37/26 Godkjenning av innkalling og referat**

**Vedtak:** Innkalling og referat vart godkjende.

**38/26 Orienteringar**

- **Info fra fellesrådet**
- **Konfirmant Kick-off**: Konfirmantane frå Strandebarm kunne ikkje koma, men elles samla dette arrangementet alle konfirmantane til div.teambuildingsaktivitetar i tre timar. Vellukka samling trass i stygt vêr.
- **Trusopplæringstiltak 2026-2027. Kven kan bidra**? Sokneråd er glade for at Solveig tek ansvaret for vennefesten 31.okt. Repr.frå SR vil vera med på å laga barneopplegg 13.des. og vera medhjelparar på Tweens 20.nov., 27.nov. og 4.des. AHF gjev aktuelle namn vidare til Solveig.
- **Fossedagane. Soknerådet har fått forespørsel om å vera medarrangør**. Soknerådet har svart ja til å vera medarrangør, men har ikkje økonomisk ansvar.
- **Konfirmantkapper.** Alle sokneråda har gått inn for kappar.
- **Nominasjonskomiteen for valget i 2027**. GSL kontaktar aktuelle personar om å vera med i nemnda. Nemnda har møte saman med soknerådet 10.nov.kl.19-20 i Nhs kyrkje.

**39/26 Gjenbruksbutikken «Plant et tre»** skal leggjast ned og ønskjer i den forbindelse å finna ut om det er interesse blant sokneråd og indremisjonsstyre om å inngå eit samarbeid, og overta drifta som eit felles diakonalt arbeid. Astrid orienterer frå møtet 3.september.

**Vedtak:** Soknerådet er positiv til å gå vidare med drøftingar med tanke på samarbeid med dei andre aktuelle organisasjonane. Det er viktig av det blir eit eige styre, og ein må få avklart meir om organisasjonsform/intensjonsavtale/bedriftsidê. Frå Vikøy soknerådmøter soknepresten og GSL på neste drøftingsmøte.

**40/26 Samtalegudsteneste våren 2027**. Staben har føreslått å flytta samtalegudstenesta til ein søndag ettermiddag. Dette for at kyrkjelyden i større grad skal kunna delta. Kva er soknerådet sine tankar om dette?

**Vedtak:** Soknerådet går inn for dette. Datoen vert 11.april -27 kl.17.00. Det vert fest med middag etterpå.

**41/26 Bibelgrupper/fellesskapsgrupper.** Er dette noko me ønskjer å starta opp i kyrkjelyden vår? Kva ser me for oss og i kva «form» kan i så fall passa for oss?

**Vedtak:** Me må kartleggja kva grupper som finst og finna ut kva som er mest tenleg for dei som har meldt behov for ei gruppe.

**42/26 Temakveldar «Rom for tru».** I vår kom denne tanken om at temaet «Rom for tru» kunne vore spennande å utforska. Me set av tid til litt samtale rundt temaet.

**Vedtak:** Kulturkomitèen jobbar vidare med dette. Me har 4 forslag til føredragshaldarar.

**43/26 Eventuelt.** Ingen saker.

Gudrun Skeie Langeland, ref.